

# Innlegg på arrangementet «En rettferdig energiomstilling»

Arendalsuka 15.8.2022

**Guri Bugge**, fagkoordinator, Viken fylkeskommune

Kameratar, og alle dokker andre!

Takk for at eg fekk kome hit i dag og seie nokre ord frå hjartet, etter at vi alle har fått nytt påfyll til hjernen frå kunnskapsrike og dyktige forskarar i INCLUDE.

Eg har lenge arbeidd med klima og energi i fylkeskommunar og kommunar, og den energisituasjonen vi står oppe i no er både venta og førebudd på lokalt og regionalt nivå. Staten har i over ti år pålagt kommunar og fylkeskommunar å lage klima- og energiplanar, med ambisiøse mål for energieffektivisering og ny fornybar energiproduksjon. Dette arbeidet er teke på største alvor, og tusenvis av innbyggjarar, næringsliv, frivillige lag og offentleg tilsette har lagt ned mange arbeidstimar på å utarbeide desse planane.

Kommune kjem av det latinske communis, som betyr felles. Nordmenn flest bidreg gjerne til sitt fellesskap, så sant vi gir dei tillit og mandat til å ta aktiv del i styringa. Kommunen skal vere ein effektiv og rettvis måte å gi alle innbyggjarar tilgang på nødvendig infrastruktur. Det var difor sett som ei naturleg oppgåve for kommunane i førre århundre å starte jobben med å bygge ut energiproduksjon og straumkablar i og mellom bygd og by. For 130 år sidan vart dei første lypærane tent i Fredrikstad, Oslo og Hammerfest, og i meir enn 130 år har vi hatt kommunale og fylkeskommunale energiselskap.

Men det er ikkje vi på lokalt og regionalt nivå som styrer energipolitikken og -infrastrukturen i dag. Nettselskapa er styrt etter lover og forskrifter som pålegg dei å reagere heller enn å agere. Dei har ikkje mandat til å finne alternative løysingar, og sjå utviklinga i samanheng. Dei er avgrensa til å ta omsyn til EIN energibærar: straum. I ei ny utgreiing om elektrifisering av industrien vart det anbefalt elektrifisering av naturgasskjelar for industri som allereie produserer OG FAKLAR eigen biogass. Energiselskapa i hyttekommunane våre er fortvila over dei store effekttoppane i utfartshelgene, men verken dei eller kommunen har mandat til å pålegge utbygging av fjernvarme i store nye hyttefelt. Ikkje eingong i område der industrien sender store mengder spillvarme på sjøen kan dei dyktige fagfolka i energiselskapa bruke kraftsystemkartleggingane til å vise korleis det heilskaplege energisystemet burde vore skrudd saman – dei kan berre ramse opp bestillingane dei har fått for straum, og korleis dei med straumskylappar på kan løyse dei mest akutte straumutfordringane. Kommunane og fylkeskommunane kunne, og burde vore dei som sørger for får det energisamfunnet vi vil bo og leve i i framtida. ENERGISYSTEMANALYSER hadde vore eit godt middel på den vegen.

Då klimasats-ordninga til miljødirektoratet vart etablert, fekk kommunane den gulrota dei trengte for å implementere klimadelen av klima- og energiplanen. Men energidelen, den står framleis i stampe.

Vi kunne stått her, fylka til strid, mellom den gamle og så den nye tid, mellom det som skal veksa og det som skal siga, det som skal falla mot det som skal stiga. Men det er ikkje blitt brent noko baune eller sendt ut noko budstikke. Fylka og kommunane har verken fått mandat eller middel til å ta skikkeleg tak i straumkrisa.

Tvert imot, om nokre kommunar skulle finne rom i tronge kommunebudsjett til å gi ekstra støtte til solceller, eller energieffektivisering: då misser innbyggjarane våre høvet til å få statleg støtte. Dei fleste landa i Europa har etablert regionale energikontor som kan gi gode råd, utvikle og handtere støtteordningar, og initiere samarbeidsprosjekt.

Vi er eit ressurssterkt land, på ein ressurssterk klode. Vi har meir enn nok fornybar energi, og all den teknologi vi måtte trenge for å både produsere og transportere den. Kvifor får vi ikkje til denne endringa?

Det fins nokre garnfloker som greier seg i sjynå – som rettar seg om du kastar heile vaset på djupt vatn. Men dei fleste treng litt hjelp – at ein strammar litt her, rister litt der, slakkar opp litt der, og kanskje fjernar litt gammalt skrot. Og det løyser seg ikkje av å sitte på eit sentralkontor og legge til rette for innovasjonsutvikling. Du må fram med nevane og hjelpe folk med dei problema dei står oppe i.

Eg skulle totalrenovere eit hus, og spurte fleire ENØK-rådgjevarar om korleis eg burde gjere det for å få Enova-støtte. Hald deg langt unna, sa dei. Eg har snakka med kommunar rundt i landet som har lukkast med å redusere straumforbruket sitt, og dei er alle samstemte i at Enova held dei seg langt unna. Små bedrifter treng ikkje ein gong aktivt halde seg unna Enova, tersklane på mange viktige støtteordningar er sett slik at dei ikkje har rett til å søke eingong.

Mitt forslag til løysing er difor enkel: Ta Statlege planretningslinjer for energiplanlegging på alvor. Kommunane og fylkeskommunane har planane, og vi har den lokalkunnskapen som skal til for å sette dei ut i live om vi får mandat og middel. Ta dei 12 milliardane som Enova ikkje har klart å bruke, og send dei ut i landet. Be fylkeskommunane om å bruke nettverka sine; Klimapartnerar, Klimasmart Landbruk og kommunale klimanettverk, og opprett regionale energikontor slik at alle, ikkje berre dei store og innovative, kan få tilgang på faglege energiråd og enkle støtteordningar.

No skulle eg gjerne gitt ordet vidare til sangtruppen «Frem Kamerater», men sidan dei ikkje ser ut til å ha hatt høve til kome, så får eg ta avsluttinga sjølv. Syng gjerne med, i allefall på refrenget!

Lytt nå til hjulenes hvirvlende gang

Lytt nå til samholdets jublende sang

Hør Norge, Hør, de forløsende ord

Energi og velstand for alle på jord

Vi er de tusener som bygger landet

Det ble oss kjærte i dagens strid

De bar det fremad i sang og alvor

Nå bygger vi den nye tid.